

BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

# Fasteaksjonen 2017

Tysdag 4.april kjem  
bøssebærarane.

Ta godt i mot dei

MARS NUMMER 3 - 2017 - 46 ÅRGANG - NYTT STOFF INNAN 4. APRIL 2017



**KYRKJEBAKKEN**  
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN



## KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35  
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjeverje:

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

## KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn

### Redaksjonen

Utgjevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Svein T Villanger,
Redaksjon:	Jorunn Kårdal.
Bankgiro:	3490.07.04196
E-post:	kyrkjeba@online.no
Adresse:	5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

Langfredag 14.04 kl 11.00:

Gudsteneste med bibeltime.

Tema: «Jesu rettssak».

Per Børge Hillestad.

Påskedag 16.04: Per Børge Hillestad.



# Andakt

Altertavla framme i kyrkja vår er eit blant anna eit måleri.

Kunstnaren har måla Jesus som ligg på kne og bed. Attmed Jesus står ein engel og i bakgrunnen ser me tre sovande menn.

I Bibelen finn me historia som dette måleriet er henta frå både hjå Matteus 26. 36 - 46, Markus 14. 34 - 41 og Lukas 22. 39 - 46, og den har overskrifta «I Getsemane.» Historia er fortald litt ulikt i dei tre evangelia, men innhaldet er det same; Jesus tok med seg tre av læresveinane sine inn i Getsemanehagen for å be. Jesus bad dei tre læresveinane sine om å vera vakne saman med han og be. Det greidde dei ikkje, dei sovna. Eg vil fokusera på Jesus som bed og på engelen.

Jesus var livredd, han visste kva som venta han. Det står i dei tre evangelia at Jesus var «gripen av sorg, angst, dødsangst og gru». Hjå Lukas står det at Jesus fall på kne og bad: «Far, om du vil, så ta dette begeret frå meg! Men lat det bli som du vil, ikkje som eg vil!»

Innimellom når eg er i kyrkja og sit og ser på denne altertavla så renn tårene hjå meg. Grunnen til det er at eg sit og ser på biletet og tenkjer på kva Jesus måtte gå gjennom for meg og mi skuld. Eg ser på ansiktet som kunstnaren har måla og tenkjer på kor redd Jesus må ha vore og kor han må ha kjempa, og kor mykje eg har å takka for.

Det at Jesus og bad då han var redd, og spesielt i denne situasjonen, der han visste kva han måtte gå gjennom, er med og styrker trua mi på kor viktig bøna er. Eg har stor tru på bøn, og eg bed ofte i løpet av ein dag. Eg bed for familie, vener, bygdefolk, menneske og situasjonar her i landet og i verda elles. Eg bed dersom eg er redd, fortvila, rådlaus og dersom eg står i situasjonar eg ikkje ser løysingar på.

På altertavla er det, som eg har nemnd tidlegare og måla ein engel attmed Jesus. I Lukasevangeliet står det at etter Jesus hadde bede «Men lat det bli som du vil, og ikkje som eg vil» så syntet seg ein engel frå himmelen for han og styrkte han. Det at Jesus fekk styrke då han bad i denne tunge stunda styrker og bønnetrua mi. Det er ingen av oss på denne jorda som er lova at livet berre skal vera «ein dans på roser.» Me ser og opplever kvar einaste dag menneske som slit, menneske som opplever sjukdom og død og menneske som lever under tilhøve som er utilfredsstillande og forferdelege. I Filipparane 4. 6 - 7 står det: «Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing. Og Guds fred som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.»

Her strekk ikkje vår forstand til, her handlar det om tru. Eg trur at Gud høyrer bønene våre. Eg trur at Gud er der i fortvilinga. Eg trur at Gud styrker oss når me bed.

**God påskehøgtid til dykk alle!**

**Gunn Håland Dyrkolbotn**

NOKO Å TENKJE PÅ





## Kyrkjebøkene i Austrheim

### Døpte

12.02.17 Leah Angelina Moldestad  
Matheo Valdernes Sætre



### Gravlagde

21.02.17 Ole Johan Holsen Rongevær f. 1961  
24.02.17 Werner Brekke f. 1940  
10.03.17 Evelyn Jorun Larsen f.1947  
14.03.17 Solfrid Holsen f. 1962  
21.03.17 Edmund Sætre f. 1938

LIVSHJULET

#### Hjarteleg takk

Hjertelig takk til Diakoninemda for rosa eg fekk til dagen min. Takk til Solveig som kom med den.

Helsing Oskar Fønnes



## Utgjevingsplan Kyrkjebakken 2017

	LEVERINGSFRIST	KB KJEM UT
Nr. 04/17	04. april	27. april (siste før sommeren)
Nr. 05/17	15. august	31. august (første etter sommeren)
Nr. 06/17	12. september	28. september
Nr. 07/17	10. oktober	26. oktober
Nr. 08/17	14. november	30. november ( julenummer)

# Bli ein brønnbyggjar!

Ingenting er viktigare enn reint vatn.

For vatn gjev ikkje berre liv, vatn kan også ta liv. Å gjere noko for andre er viktig for oss som kyrkje, og den 4.april skal me bidra til at fleire får reint drikkevatt i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon.

– Eg har ofte blitt sjuk av det skitne vatnet me hadde her i landsbyen. Eg måtte halde meg heime frå skulen fordi eg hadde vondt i magen, og eg har fått urinvegsinfeksjon på grunn av vatnet. Men no er det mykje betre, fortel 13 år gamle Richard Wilson. Han er ein av mange innbyggjarar i Ikonda i Tanzania som har fått ein ny brønn.

Bebuarane i landsbyen har jobba frivillig for å få bygd brønnen. Dei har fått hjelp frå Kirkens Nødhjelps partnerorganisasjon i Tanzania og det er pengar frå TV-aksjonen i 2014 som gjorde det mogleg å gjennomføre prosjektet. No er vatnet mykje reinare, og det gamle vatnet vert berre nytta til å lage mursteinar og vatne åkrane. Noreg og alle andre medlemsland i FN har sett seg som mål å skaffe reint og trygt drikkevatt til alle innan 2030. Men det er ein lang veg fram, sidan det framleis er millionar av menneske som ikkje har tilgang til reint drikkevatt. Du kan bli med på å gjere denne vegen kortare ved å bidra med pengar eller som frivillig under Kirkens Nødhjelps

Fasteaksjon 2017, der me samlar inn pengar slik at endå fleire kan få reint vatn, slik som Wilson. Me Austrheim kyrkjelyd er stolte av å kunne samarbeide med Kirkens Nødhjelp som arrangerer Fasteaksjonen for 50. gong i år.

I 2017 markerer me også at det er 500 år sidan reformasjonen, og Fasteaksjonen er jubileets diakonale prosjekt. Også i Tanzania markerer dei jubileet ved å hjelpe

andre. – Me trur ikkje at kyrkja lever i eit vakuum.

Me trur på å hjelpe andre menneske.

Styresmaktene kan ikkje hjelpe alle i Tanzania, og her kan me bidra,

seier biskop Emmanuel Makala, som er biskop i den same regionen kor Richard Wilson bur.

Austrheim lever heller ikkje i noko vakuum og er

glade for at me kan støtte dette arbeidet, og me oppmodar alle våre støttespelarar til å ta seg ein ekstra gåtur denne sene dagen. For om du tek ein tur ein dag, så kan nokon andre sleppe å gå ein ekstra lang tur kvar einaste dag for å kome til næraste brønn.

**Bli ein brønnbyggjar du også, og støtt Kirkens Nødhjelps fasteaksjon!**



**JA, VI ELSKAR DETTE VATNET**

Bli ein brønnbyggjar – støtt Fasteaksjonen

2.-4. april

# Min salme

Mange salmar har betydd mykje i ulike fasar i livet. Ein som eg er blitt glad i og stadig kjem tilbake til, er Anders Frostensons «Guds kjærleik er som stranda og som graset», i Alfred Hauge si fine gjendikting. Den gjev meg gode assosiasjonar til fine opplevingar i den vakre skjergarden vår og seier mykje om at Guds kjærleik er så mykje større enn vi fattar. Stranda og graset tek i mot alle som kjem i land på same måten, utan å spørje om du er høg eller låg, og den vide horisonten seier oss at Guds kjærleik er utan ende. Grensene og stengslene finn vi hos oss sjølv, i vårt eige sinn. Salmen syner oss og at det er ein veg ut av ufridomen, gjennom Guds forlating.



*Guds kjærleik er som stranda og som graset, som vind og vidd og jord og allheims rom. Vi fridom fekk å bu der, gå og koma, å seia ja til Gud og seia nei. Guds kjærleik er som stranda og som graset, som vind og vidd og jord og allheims rom.*

*Vi vil ein fridom der vi er oss sjølv, ein fridom vi kan gjera noko av, der ingen tomleik finst, men rom for draumar, ei jord der tre og blommar kan slå rot. Guds kjærleik er som stranda og som graset, som vind og vidd og jord og allheims rom.*

*Og endå er det murar oss imellom, og gjennom sprinkelverk vi tøyer hand. Vårt fangerom er murt av redsle-steinar, og fangeklede er vårt stengde eg. Guds kjærleik er som stranda og som graset, som vind og vidd og jord og allheims rom.*

*Å, døm oss Herre, frikjenn oss i domen, i di forlating fridom finns, og von. Den rekk så vide som din kjærleik vandrar, til folk av kvar ein rase og nasjon. Guds kjærleik er som stranda og som graset, som vind og vidd g jord og allheims rom.*

**God helg til alle.  
Helsing Oddlaug Austrheim.**



## Solidaritetsaksjon ved Årås skule

Onsdag 29.mars var det markering av solidaritetsaksjonen ved Årås skule. Mellomtrinnet samarbeidar også i år med THK-stiftinga; ein tverrkyrkjeleg organisasjon som driv hjelpearbeid i Ukraina. Elevane i 5.-7.klasse har hatt ein arbeidsdag der dei har tent pengar til aksjonen og dei har seld lodd. Onsdag gjennomførte dei ein flott THK-kveld med elevinnslag, kafe, tivoli og ulike aktivitetar.

Sjølv om THK-kvelden er over, vil det vera mogeleg å levera sekkar med klede, sko, toalettsaker og liknande til skulen fram

til påskeferien tek til. Me oppfordrar til å gje 50 kroner sekken, som går til dekking av transportutgifter.

Tusen takk til bygdefolk, familie og vener av elevane som støtter opp om solidaritetsaksjonen vår. Takk og til dei som har sponsa oss med gevinstar! Det er godt å kunne hjelpe andre, og saman kan me vera med på å gjera ein forskjell for folket i Ukraina. Dei treng vår hjelp.

**For mellomtrinnet ved Årås skule;  
Marit Helen Skoge, teamleiar**

## Temakafe i Austrheim for dei kreftramma

Det er no starta opp temakafe i Austrheim for dei kreftramma, deira pårørende og etterlatte.

**Dei neste temakafeen blir:**

**19 april: Kreft og ernæring**

**10 mai: Seineffekter etter behandling**

**14 juni: Å vere pårørende, viktig og vanskelig**

Sted: Arbeidsenteret

Tid: 1730-1930

Kom innom for hyggelig samtale, ein god kopp kaffi med noko attåt. Du vil møte frivillige, ansatte i pleie og omsorg og andre i samme situasjon. Hjertelig velkommen. Det er eit gratis arrangement i kommunen.



## 5. mai er søknadsfrist for Kulturmidlar Tilskot tiltak barn og unge Dugnad ved større arrangement

Kulturbudsjettet i 2017 er justert ned, og dermed er det mindre til fordeling og tilskot.

**Vi har kr 105.000,- til Kulturmidlar,  
kr 75.000,- til Tilskot tiltak barn og unge,  
og kr 75.000,- til Dugnad ved større  
arrangement**

All søknad skjer via elektronisk skjema  
som de finn på heimesida til kommunen,



Austrheim kommune

### sjå – Sjølvbetjening – Skjema.

Der finn de også retningsliner for  
tilskotsordningane. De får svar på  
søknaden i starten av juni.

Ta kontakt med servicekontoret eller  
kulturavdelinga om de treng hjelp til å  
fylle ut søknadsskjemaet.

## Årsmøte i Austrheim lokallag av NFU

### Utdrag frå Årsmeldinga:

Styret har arbeidd med, og hatt møte med  
kommunen om ulike saker, m.a.:

- Arbeidssenteret- bemanning og kvalitet på tenestene
- Personaldekning, innhald og organisering av tenestene- oppfølging av vedtak og planar
- Brukarmedverknad
- Støttekontakttilbodet, med særskilt vekt på bufellesskap/institusjon

Vi er uroa over at kommunen i sin intensjon om innsparing, har vald å ikkje erstatte dei som går av med pensjon eller har slutta i stillinga si i året som gjekk. Vi har vist til at dette kan gå ut over det faglege og pedagogiske tilbodet for våre medlemmer.

Elles har laget, med støtte frå kommunen v/ Helsekoordinator, arrangert kurs i Helse og ernæring for brukarar av heimeteneste

Il i lag med assistentar/personale. Det vart vellukka, med grundig informasjon om sunn og god mat frå greie oppskrifter, full aktivitet på kjøkkenet, og smak og prat etterpå!  
Vi har og sett på Kaldheim-utvalet si innstilling når det gjeld tiltak som skal styrke rettane til menneske med utviklingshemming. Det same gjeld den nye Barnehagelova/ lov om lærarutdanning.

Styret i 2017: Leiar: Elsa Skare, Nestleiar: Rune Skare, Sekretær: Tone Rugset, Kasserar: Eli Leganger Synnevåg, Studieleiar: Kjersti Hansen Hamre, Styremedlem: Gerd Ingunn Dyrnes.

Dette året er det 50 år sidan Norsk Forbund for Utviklingshemmede vart stifta. Vi gratulerer med jubileet, og takkar for all støtte og opplæring dei har gitt oss som etterkvart vart medlemmer i lokallaga i heile landet! Vi ynskjer alle dei dyktige medarbeidarane lykke til i vidare arbeid!

Saman inn i framtida  
**Vil du bli fast gjevar ?**



[www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)  
Kor mykje treng vi kvar måned: kr. 50.000  
Løpande innbetaling kvar måned: kr. 4550  
Antall gjevarar: 10

Ta kontakt om du vil vere med som fast gjevar:  
56 16 72 90  
eller kom innom kontoret

## Festeavgift for gravstad i Austrheim kommune

I Austrheim er det friperiode på 25 år etter gravlegging. Ved dobbel grav er det siste gravlegging som gjeld. Frå 1/1-2016 vart det innført festeavgift for avsetjing av dobbelgrav. Denne må fornyast ved forfall, (gjeld kun for gravleggingar etter januar 2016.)

Når den perioden er over må det betalast festeavgift for å få behalde grava.

Eks.:  
Gravlagd i 1991, forfell til betaling i 2016  
Gravlagd i 1992, forfell til betaling i 2017  
Dersom vi ikkje veit kven pårørande til gravstaden er, vert det sett på ein gul lapp med tlf. til Gravplassforvaltinga i Austrheim (kyrkjekontoret)

### Festeavgift kostar for tida:

1. festeperiode kr. 200,- pr. år 25-35 år
2. festeperiode kr. 200,- pr. år 35-45 år
3. festeperiode kr. 400,- pr. år 45-55 år
4. festeperiode kr. 400,- pr. år 55-65 år
5. festeperiode kr. 500,- pr. år 65-75 år

Festeperioden er maks 10 år, det kan avtalast kortare periode. Når grava er 75 år etter siste gravlegging må det søkjast om forlenging. Om det vert godkjent forlenging kan ein få maks 5 år kvar gong, og det kostar kr. 750,- pr. år

Ta kontakt med kyrkjekontoret for å ordne med festeavgift: Tlf. 56 17 72 90 eller e-post: kyrkjekontoret @austrheim.sokn.no

2017

ein

## smak av

23. JUNI - 2. JULI

www.einsmakav.no

## PROGRAM 2017 (pr mars 2017 med forbehold om endringar)

## Fredag 23.juni

Festivalen opnar

DJ Torbjørn Mjøs spelar til dans

## Laurdag 24.juni

Allsong og dans i teltet med SPLINT

## Mandag 26.juni

Seniorkvelden. Aktivitetar og samling for alle, men mest for seniorane. Arr. i samarbeid med frivillighetssentralen.

## Tysdag 27.juni

Ungdomskvelden. Aktivitetar og samling for alle, men mest for dei under 18 år. Alkoholritt arr. i samarbeid med Ungdomsklubben.

## Onsdag 28.juni

Revy med FLAUSEKARANE  
Konsert med FERDAMANN

## Torsdag 29.juni

Bilrebus

## Fredag 30.juni

Havsportaktivitetar i Mastrevikane

ODD NORDSTOGA med band

DJ Frode Sylta spelar til dans etter konserten

## Laurdag 1.juli

Lokalmatmarknad

Austrheim-treffan for veteranbilar

LINJEN BLUESBAND

## Søndag 2.juli

Festivalgudsteneste

Det vert lunch og kveldsmeny, kurs, kortreist mat, og aktivitetar for store og små.

For prisar, billetter og meir informasjon sjå

WWW.EINSMAKAV.NO



## Ein smak av Austrheim 2017 informerar:

Festivalen «Ein smak av Austrheim» er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen, Kystlandsbyen, Torghuset, Nordhordland Næringshage, næringslivet, frivillige og lag/organisasjonar. I år satsar me på nye matopplevingar og gler oss allereie no til at Odd Nordstoga med band kjem til festivalteltet fredag 30.juni. Festivalen vert arrangert frå 23.juni til 2.juli.

## Dugnad - kulturmidler til lag, organisasjonar og skular

Festivalen oppmodar alle lag, organisasjonar og foreldrekontakter ved 5-10. trinn ved Årås og Kaland skule å ta kontakt for dugnadsarbeide dekt av Austrheim Kommune sine kulturmidlar. Her er det mogelegheit å tena nokre kronar til felleskapet du er ein del av.

## Dugnad - frivillige

Festivalen søker også etter andre frivillige til å gjera ein innsats for at festivalen skal verta ei god oppleving for alle. Du får mat på vakta di og dersom du meldar deg for fleire vaktar, får du tilgang til eit eller fleire arrangement. Arbeidsoppgåver: sal av billetter, rigging før og etter festivalen, servering og bar, vakthald, rydding,

## Vil du bidra på arrangementa?

Festivalen oppmodar private, lag og organisasjonar som ønskjer å delta med aktivitetar på dei ulike arrangementa om å ta kontakt. Kanskje me kan utvikla din idé? Festivalen har som mål å vera ein samlingsstad for alle innbyggjarane i kommunen, hytteigarar og tilreisande.

## «Frå fjære til skog» - kurs i sanking og bruk av ville vekstar i matlaging

I samarbeid med «Ein smak av Austrheim» inviterar kokk Knut Erling Andersen og heilpraktikar Nina Riple Brekke til ei kursrekke der ein får lære om korleis ein kan nytta nokre ville vekster i matlaging. Meld deg inn i Facebook-gruppa «Frå fjære til skog» eller kontakt Nina på tlf 469 40 840 allereie no om du er interessert å vera med. Meir info kjem!

## Kontakt oss

Ta kontakt med festivalsjef Jan Hopland på mobil 411 41 226, på Facebook #einsmakav, e-post [festivalsjef@einsmakav.no](mailto:festivalsjef@einsmakav.no), eller kom innom Næringshagen på Mastrevik Torg.



## MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583



Til sammen har vi 3 815 års erfaring med bilservice i Norge.



Rune Austrheim Fosløy Bilcenter AS

Velkommen til Bosch Car Service!

Verkstedet vårt rommer all den erfaringen og kunnskapen som finnes i en av verdens største uavhengige verkstedskjeder. Hos oss kan du få hjelp med alle typer reparasjoner og service for samtlige merker. Bosch har jo også utviklet over halvparten av teknikkene i bilen din. Så hvem tror du er den beste til å utføre service på den?

[www.fosbilcenter.no](http://www.fosbilcenter.no)

Vi gjør alt for bilen din.



# Fosløy Bilcenter

Tlf: 56 16 75 50



Mastrevik

## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## MINI FRISØRSALONG

Ønsker velkommen til gamle og nye kunder. Vi treffes på Årshøgda 10.



Timebestilling:  
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



# Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
[byggbøe@online.no](mailto:byggbøe@online.no)

## Vatne Begravelsesbyrå



Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Ring døgnvakt:  
56 35 09 10  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon. Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no) Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

### HOVUDBIBLIOTEKET:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00  
Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00  
Tlf.nr. 56 16 20 07

### PÅSKEFERIE PÅ BIBLIOTEKET:

Siste opningsdag fredag 7. april  
og opnar igjen tysdag 18. april.



E-post: [bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

### FONNES FILIAL:

Torsdag kl. 14.00 -19.00  
Tlf.nr. 56 16 21 61



God bok

## BASSENGET PÅ KALAND:

Garderobane og bassenget på Kaland skule skal gjennom ei større renovering og det vert dessverre ikkje tilbod om offentleg bading framover.

Arbeidet kjem til å halde fram utover i dette skuleåret.

## ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr. 1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonser er gratis.	

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.  
**Legevakt 116117**

### Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00  
Opningstider for publikum:  
**Kl.08.30 - 15.00.**  
Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### Årås helsestasjon

Åpningstider for publikum:  
kl 08.30- 15.00  
Helsesøster tlf. 56 16 82 11  
Jordmor:  
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)  
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

## NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:  
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

# Knüter

CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

## Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,  
rensing  
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



### Giving Hope To A Child (GHTAC)

Giving Hope to a Child har grunna lovendring i Liberia om drift av barneheim, beslutta å endre planane for humanitær hjelp til barn i Liberia. Framfor å bygge barneheim vil vi no finne andre prosjekt som kan hjelpe mange born – vårt første prosjekt er støtte til Vartekeh barne-skule som åpna i september kor vi gir skule-pengar til dei som treng det mest og planlegg å finansiere eit solcelleanlegg til skulen som neste prosjekt.

- Teikne deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikne deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, konto 3632 57 54065

For meir informasjon sjå heimesida vår:  
[www.givinghope.no](http://www.givinghope.no) eller GHTAC på facebook.

Rolf Maurseth  
Styreleiar

Stine B. Karlsen  
Styremedlem

Tove Odland  
Styremedlem

Jenfrid Stellberg  
Styremedlem

Jusu Gyflan  
Styremedlem

Ole Moen  
Forretningsfører



# SJÅ VI GÅR OPP TIL JERUSALEM

Eit møte med påskebodskapen i bilete, tonar og ord.

## AUSTRHEIM KYRKJE PALMESØNDAG - 9. APRIL KL.19.30



Musikk:

Hermund og Tormod Rebnord

Sanginnslag:

Rigmor Ludvigsen og Janne Berger

Kyrkjekaffi.

VELKOMMEN!



## LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

**Søndag 26.febr** kl 11:00 **Misjonsmøte:** Gunnveig og Ernst Knutsen

**Søndag 5.mars** kl 11:00 **Møte:** Geir Talberg *Søndagsskole Nattverd*

**Torsdag 9.mars** kl 19:00 **Menighetens årsmøte**

**Søndag 19.mars** kl 11:00 **Møte:** Linda Nærøy

---

### Ungdomskvelder

Fredag 3.mars kl 19:30

Fredag 17. mars kl 19:30

Fredag 31.mars kl 19:30

*fra 7.klasse*

### Bønnesamlinger

Onsdag 1.mars kl 19:00

Onsdag 8.mars kl 19:00

Onsdag 22.mars kl 19:00

Onsdag 29.mars kl 19:00



## KILSTRAUMEN BRYGGE

Vi kan tilby overnatting i rorbuer, hytter, leiligheter og rom på vertshuset. Restaurantene våre, Salongen og Naustet er godt eigna for søndagsmiddag, familiesamankomster, konfirmasjon, bryllaup og andre store begivenheter som skal feirast.

Utleige av båtar og sykklar  
Vi tilbyr også catering og overtidsmat.

**Kilstraumen Brygge**  
**post@opplevaustrheim.no**  
**Mob. 948 53 975**

# AUSTRHEIM KOMMUNE SØKJER FOSTERHEIM

Austrheim barneverntjeneste søker fosterheim for gutt 14 år. Det er særst viktig at fosterheimen bur i Austrheim kommune.

For meir informasjon ta kontakt med barnevernkonulent **Annika Tvedt** på telefon 56 16 21 38



## Justering av leigesatsar på Kyrkjelydshuset.

Austrheim sokneråd beslutta i møte 9.februar 2017, å justera satsane på utleige av Kyrkjelydshuset. Førre gong desse satsane vart justerte var så langt tilbake som i 2004. Det seier seg sjølv at prisane på utleiga har blitt hengjande ganske mykje etter. Det har også vore eit behov for å gjera utleigeprisane meir oversiktlege. Soknerådet tok eit betydeleg grep og laga nye leigesatsar med verknad frå 15.februar 2017. For komplett oversikt på saka, med vedtak og framlegg til vedtak, vert det vist til saks

papira, som du kan finna på Austrheim kyrkje si heimeside. Her kjem ei oversikt på dei mest aktuelle leigealternativa:

- Sal og kjøkken nede – private: kr 1.500 (tidlegare kr 600).
- Sal og kjøkken nede – lag og organisasjonar: kr 500 (tidlegare kr 250).
- Sal og kjøkken nede – lag organisasjonar med leige om lag 1 gong i veka: kr 3000 på årsbasis (tidlegare kr 2000).
- Sal og kjøkken nede – lag og organisasjonar med leige om lag 1 gong i månaden eller meir enn 5 gonger i året: kr 300 kvar gong – likevel ikkje meir enn kr 2000 i året (tidlegare har utleigesatsane vore uklære på dette punktet).
- Møterom oppe – private/komersielle – kr 200.
- Møterom oppe - lag og organisasjonar – kr 100.



## SLØYDKURS

Løloftet/ Mathias Sætre  
FEM ONSDAGAR

Start: 5. april 2017  
Kl. 17.30 – 19.30

Frå 5. klasse  
Påmelding: 913 79 306

Års Sanitetsforening  
og Vesttun Gard

## ÅRÅS BEDEHUS

Tirsdag 4. april kl 19:00  
Bibeltime v/Helge Keilegavlen.

Søndag 9. april kl 11:00.  
Formiddagsmøte, Odd Sverre Hove talar.

Tirsdag 18. april kl 19:00  
Bønnekveld.

Søndag 23. april kl 11:00.  
Formiddagsmøte, Reidun Skurtveit talar.

Tirsdag 02. mai kl 19:00  
Bønnekveld.

Søndag 07. mai kl 11:00.  
Formiddagsmøte, Vegard Hetlebakke talar.

**Velkommen!**



## Fjerning av dei gamle trea på kyrkjegardane

Dei fleste har vel no fått med seg at vi har fjerna dei gamle trea på kyrkjegardane på Austrheim og i Leirvågen. Dei trea vi har tatt vekk er gamal platanlønn i tillegg til eit par asketre. Eg har spurt folk som kjenner historia til kyrkja godt om dei kan stipulera alderen på trea. Det har dei ikkje kunna. Men at trea vart gamle er heva over einkvar tvil.



Det er ikkje uvanleg at det vil vera kjensler knytt til dette med å fjerna gamle tre – og kanskje særskilt til tre som veks i tilknytning til kyrkjegardane. Likevel var vi komne til eit punkt der det berre var eit tidsspørsmål før vi kunne risikera alvorlege hendingar om trea hadde blitt ståande. I fjor haust ramla det ned ei stor grein frå eitt av lønnetrea i Leirvågen.

Til alt hell skjedde det ingen skade i denne hendinga. Vi har observert at fleire av trea hadde råteskadar og at desse skadene gjerne var synlege litt opp på stammene.

Vi fekk utarbeidd ein tilstandsrapport på trea av trepleiarar frå Akasia i Bergen. Dei kunne stadfesta vår bekymring for tilstanden til trea og har tilrådd fjerning. Særskilt ille var tilstanden for trea i



Leirvågen. Når det gjeld trea på kyrkjegarden på Austrheim, var nokon av dei ganske friske medan andre var skadde og måtte fjernast. Dei som felte trea på Austrheim kyrkjegard, kunne konstatera at fleire av trea hadde gjennomgåande råteskadar litt opp på stammen, medan sjølvve rottdelen var i ganske bra stand. Det faglege rådet var å fjerna alle, både av estetiske årsaker, men viktigast for å unngå vindpresset på dei trea som eventuelt hadde blitt ståande igjen. Delar av kyrkjegarden på Austrheim er definert som middelaldergravplass. Difor måtte vi søkja Riksantikvaren om løyve til å fjerna trea i tillegg til Biskopen i Bjørgvin. Begge desse instansane har no gitt oss dei naudsynte løyva. Arbeidet er profesjonelt utført av Lerøy skog, som fekk tilslaget på denne jobben. Det er vidare planen at stubbane skal fresast for å unngå gjenvekst. Vi har endå ikkje tatt stilling til om vi skal planta igjen, verken på Austrheim eller i Leirvågen. I tilfelle vi gjer det, vil gjenplantinga skje med større avstand til steingardane og med ein annan tresort som ikkje er så ruvande som dei lønnetrea vi har tatt ut. Kanskje du har synspunkt på dette? Meld gjerne tilbake til kyrkjeverja.

## Presentasjon av Leif Arne Økland

Det er tradisjon at nye medarbeidarar vert presentert i Kyrkjebakken – og eg slepp ikkje unna for min eigen del heller. Eg begynte som ny kyrkjeverje i Austrheim frå og med 15. august 2016, etter eit opphald som avdelingsleiar i NAV Lindås i 2 ½ år. Før den tid arbeide eg som rådgjevar ved Bjørgvin Bispedømekontor i 16 år. Arbeidet mitt der handla om å leggja til rette for at menneske med utviklingshemming skal få sin plass i kyrkjelydane og at deira trusliv vert tatt på alvor.

Eg synest det er kjekt å koma tilbake igjen til Austrheim, sidan eg har jobba her i 6 år på nittitalet, som leiar for det som då heitte sosialkontoret. Det er mange trivelege folk som bur her ute og som det har vore kjekt å treffa igjen. Og det er kjekt å treffa nye. Austrheim har mykje av kystkulturen i seg. Ein er van med å få ting til og ein van med å snakka i motvind. Opne landskap og opne sinn, med andre ord. Eg bur no som då på Myking i Lindås, er godt gift med Anita og har fått 3 kjekke born som har blitt vaksne og som stort sett har flytta ut av reiret.

Eg er utdanna diakon, med sosialfagleg bakgrunn.

Eg kjenner på stor glede ved å kunna få jobba i ein kyrkjeleg samanheng igjen.

Austrheim sokn har «berre» eitt sokn, ei kyrkje og to gravplassar som er i bruk.

Det gjer arbeidet meir oversiktleg.

Samstundes vert ein litt

som «poto» - ein både kan og må brukast til det meste. Eg likar slik allsidig jobbing der eg får ha nasa borti ganske mykje. Eg synest også det er kjekt å arbeida tett med ein triveleg og erfaren stab, som vil noko. Dette samarbeidet gler eg meg til å vera ein del av framover. Og ikkje minst gler eg meg over eit stort frivillig engasjement i kyrkjelyden, med mange enkeltpersonar som er glade i kyrkja si.

Eg ønskjer å gjera mitt for å bidra til at dette engasjementet kan veksa og at fleire skal oppleve å høyra til i dette fellesskapet.



### Litlås bedehus

Basar 31. mars kl. 18  
Åresal, fine gevinster

Barnelotteri  
Litt sal av diverse  
Andakt

Servering av kaker og kaffi  
Kom og ver med oss til  
ei hyggelig kveldstund!

### TUR TIL ROMA OG ASSISI 4.-10. NOV 2017

Turen er open for alle som  
vil vera med.

For nærare opplysningar og  
program kontakt  
Harald Sundsbø,

tlf 95976864 eller e-post  
h-sund@online.no



# Austrheim Idrettslag

## Postboks 22 - 5943 Austrheim

Val på årsmøte i AIL 22.februar 2017

Styret			Gruppeleiar		
Leiar	Asbjørn Brandtun	92827195	Fotball	Sjur Brandtun	95273062
Nestleiar	Terje Håland	95442744	Boccia	Elsa Skare	97747596
Kasserar	Jorun Hovda	98680792	Friidrett	Bjørn I. Dyrkolbotn	47252550
Styremedlem	Hege B. Sætre	47631775	Turn	Linda Brandtun	92638493
Styremedlem	Sjur Brandtun	95273062	Aerobic	Linda Brandtun	92638493
Styremedlem	Monica Fønnes	97982970	Basisball	Camilla Haugland	95859547
Varemedlem	Kjersti Sætre	90982148	Klatring	Lennart Romarheim	41235989
			Styrkegruppe	Sjur Brandtun	95273062
			Materialforvalter	Kjell Håkon Pedersen	91584342

### Årskontigent 2017:

- Familie 2000 kr.
- Senior (over 19år) 1200kr.
- Ungdom(11-19 år) 800kr.
- Barn(4-10år) 600kr.
- Honnør/Boccia 400kr.
- Støttemedlem 400kr.
- Støttemedlem familie 600kr.

Spørsmål om treningstider o.l  
- kontakt gruppeleiarar

Adresse til AIL:  
Austrheim IL  
Pb 22, 5941 Austrheim  
Epost: austrheimil@gmail.com

## Vårrydding på gravplassane


Dei siste åra har vi fjerna dekke og kransar frå gravene før påske. Dette gjer me for å unngå oppsamling av avfall på gravplassane i påskehelga.

Me oppfordrar til å hive kransar og dekke i den store konteinaren og/eller i tilhengaren.

## Johan Nordahl Bruun prisen 2017 til Egon Askvik

Minnekonserert 23. april i Bergen  
Rett før jul vart Egon tildelt  
Johan Nordahl Bruun prisen for 2017.  
Juryen består av ordføraren i Bergen,  
dagleg leiar i Kirkens Bymisjon i Ber-  
gen og Bjørgvin biskop.

Prisen vert tildelt personar innan Bjørgvin bispedømme som har verka som brubyggjarar mellom kyrkja og resten av samfunnet. Egon Askvik fekk prisen for sitt breie engasjement for samspel mellom kyrkja og kulturen. Boka «Kyrkjefolk» var særleg nemnd i grunngevinga. Prisen vart delt ut posthumt ved minnesamværet etter Egon si gravferd 6. januar. Søndag 23. april vert det markering av prisen med minnekonserert i Korskirken i Bergen. Sjølve prisen består av eit diplom og 20.000 kroner, betalt av Bergen kommune. Prisvinnaren må gje pengane til eit føremål. Egon og familien ynskte at pengane skulle gå til Kirkens nødhjelp, ein organisasjon Egon hadde eit sterkt forhold til.



nokre helsingar og mykje musikk der familien Askvik deltek. Kyrkjekaffi etter konserten. Kollekten går til Kirkens nødhjelp. Biskopen håpar at det og er sogningar som finn vegen.

Markeringa i Korskirken 23. april byrjar kl. 18. Arrangementet er gratis. Det består av ein times program med

Dei to føregåande åra vart prisen tildelt Sigvart Dagsland og Karoline Krüger (2015) og Helge Jordal (2016).

Bakkøy Grendelag

## BASAR

Den årlege basaren vert i år  
1. april kl. 15.00

Åresal, tombola, trekning av  
loddbøkene.  
Servering av mat og drikke.  
Velkommen.

## STRIKKE KAFE

Onsdag 19. april kl. 19.00

vert det strikkekafe.  
Velkommen med og utan  
handarbeid.  
Dette vert siste før ferien.